



Radøy kommune  
teknisk etat

5936 MANGER  
[postmottak@radoy.kommune.no](mailto:postmottak@radoy.kommune.no)

13. mars 2013

**Radøy kommune. gnr. 27 bnr. 12.  
FLØHOLMEN AS.  
Framlegg til reguleringsplan for næringsområde og småbåthamn.  
Søknad om dispensasjon frå plankrav.**

---

Eg viser til kommunens melding og brev datert 28. 02. 2013.

Det nye plankartet, med revidert plangrense, var meint som ei handsrekning til kommunen, for å koma vidare i konstruktiv lei.

Det er kommunen som styrer planprosessen. Vegvesenet er ein av fleire høyringsinstansar.

Det er søkt om dispensasjon frå plankravet, med oppsummering og grunngjeving.

Frå kommunens prosjektkoordinator har eg fått brev om at søknaden vil verta teken opp til handsaming, med krav om gebyr, som er betalt.

Kommunen kan eventuelt ta dispensasjonsspørsmålet opp til vurdering i kommunestyret, og la kommunestyret avgjera kva som må regulerast, og kven som eventuelt skal påleggjast å regulera fylkesvegen (med fortau?) : fylket (Statens vegvesen), kommunen sjølv, eller Fløholmen AS.

Ei regulering av fylkesvegen bør uansett styrast av veghaldar (Fylket v Statens vegvesen) og byggja på ein gjennomtenkt idê om korleis planen skal utformast:

- *Trafikkmengder og sikringsbehov*
- *Eksisterande veg, teknisk standard, møteplassar*
- *Planlagt vegstandard; kjørebanebreidde, fortausbreidde, møteplassar, sideareal osv.*
- *Plassering av fortauet :*
  - *På utsida (sjøsida) ? :*
    - *Steinfylling ?*
    - *Ny mur ?*
    - *Utkraga konstruksjon ?*
    - *Berørte eigedomar : omlegging av avkjørsler ?*
  - *På innsida (landsida) ? :*
    - *Fjellskjæring*
    - *Berørte eigedomar : omlegging av avkjørsler ?*

- *Kombinasjon ? :*
  - *Dels på utsida, dels på innsida ?*
  - *Fjellskjæring*
- *Fortau heilt ut til Fløholmen industriområde og småbåthamn, eller berre til sidevegen til Byngja friluftsområde ?*
- *Eigedomsinngrep*
- *Historisk :*
  - *Når vart vegen bygd, korleis vart anlegget finansiert ?*
  - *Er deler av anlegget verneverdig (murane på sjøsida) ?*
- *Alternative tiltak : nedsett fartsgrense ?*
- *Kostnader, finansiering og gjennomføring*
- *Tilrådd løysing*

Slike grunnleggjande analysar vert normalt utført i eit forprosjekt.

Forprosjektet kan så (om behovet for utbetring med fortau viser seg å vera til stades) leggjast til grunn for ein reguleringsprosess der ein på vanleg lovbestemt vis startar med å orientera grunneigarar, naboar og styresmakter kva ein aktar å detaljplanleggja og gjennomføra.

Som kommunen er kjend med, hadde Fløholmen AS i 2012 eit møte med Statens vegvesen for å avklara om vegvesenet ville engasjera seg med konstruktive bidrag i problematikken omkring fylkesvegen. Svaret var negativt.



Kopi: Fløholmen AS, 5937 BØVÅGEN, v Håkon Zachariassen, post@floholmen.no  
Statens vegvesen, Region vest, Askedalen 4, 6863 LEIKANGER, firmapost-vest@vegvesen.no